

# Trafikkulukke som årsak til psykisk sjukdom

Av professor dr. juris Nils Nygaard

Artikkelen gjennomgår to dommar frå 9. mars 2001 i saker som var tekne til felles førehaving i Høgsterett. Begge sakene gjeld nakkeslengpåkjenning som gjennom psykisk medverknad utvikla seg til varig uførhet. På domstidspunktet kunne det ikkje påvisast nevrologisk eller annan organisk skade. I den eine saka, Rt. 2001 s. 320, aksepterte trafikktrygdaren at psykisk skade har skadebotrettsleg vern, men påsto at årsaksvilkåra ikkje var innfridde. Høgsterett kom til at trafikkulukka var årsak til den psykiske skadefylgja, og at den var pårekleleg og adekvat. Dommen er eit godt døme på at skadevaldaren får ta skadelidne som han er. I den andre dommen, Rt. 2001 s. 337, kom Høgsterett til at skadelidne ikkje hadde lidd tap ut over det han hadde fått utbetalt å konto, og frifann på dette grunnlaget, utan å ta standpunkt til årsakssamanheng. Forfattaren er positiv til resultatet i dommane, men analyserer nærmare dei problemstillingane som er lagt til grunn for avgjerdene.

NILS NYGAARD er fødd 1932, dr. juris 1974, var dosent frå 1975 og er professor i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen frå 1977. Han har skrivne fleire bøker i skadebotrett og har også arbeidd bl.a. med odelsrettslege, trygderettslege og familierettslege spørsmål. I 1999 gav han ut ei bok i juridisk metodelære.

## 1 EMNE OG PROBLEMSTILLING

I tilknytning til min artikkel i Lov og Rett 2000 s. 515 om plassering av tvilsrisiko for hypotetisk årsak, skal eg sjå litt på to dommar som er komne til etterpå. Begge dommane gjeld årsaksspørsmål der bilføraren fekk mindre fysisk skade ved trafikkulukka, men der det etter kvart i samverknad med psykiske eigenskapar utvikla seg slik at han vart delvis lam og varig ufør. Begge kravde skadebot av den aktuelle trafikktrygdaren for desse skadefylgjene. Sakene vart tekne til felles førehaving i Høgsterett.

1.1 I Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320 var skadelidne 24 år og drosjesjåfør då ulukka skjedde i september 1990. Han var på heimveg etter utført oppdrag, og heldt fartsgrensa på 60 km/t. I ein høgresving kom eine hjulet utfor asfaltkanten, og han miste kontrollen. Bilen kryssa vegen og råka autovernet på venstre side, svinga så til høgre over vegen att og støyte mot ein bergvegg på høgre side. Bilen vart så skadd at den ikkje kunne kjørast (skaden på kom på ca. kr 36.000). Føraren brukte ikkje bilbelte.

Han fekk ikkje synleg skade. Drosjeeigaren kom til, og kjørte han heim, og han sov i eit døger. Andre dagen etter ulukka var han stiv og støl, han tvinga seg på arbeid, men måtte gi opp og kom seg til lege.

Bortsett frå kraftig muskelstrekk på høgre side og smerter kunne det ikkje påvisast fysisk skade. Han vart sjukemeld, og har sidan ikkje vore i arbeid. Fleire behandlingsmåtar vart prøvde, men helsetilstanden vart etter kvart gradvis verre. Etter eit år hadde han nevropsykologiske sviikt med bl.a. store konsentrasjonsproblem, minnesviikt og han kjende seg kraftlaus i hender og bein. Den psykosomatiske og psykiatriske tilstanden utvikla seg vidare, og etter eit par år byrja han å bli lam i venstre arm og bein, og etter tre–fire år var han lam på venstre side.

Vel fem år etter ulukka reiste skadelidne sak mot trafikktrygdaren. Alle tre instansane fann trafikktrygdaren ansvarleg. Trafikktrygdaren aksepterte at psykisk betinga skade har skadebotrettsleg vern, men meinte det i dette tilfellet ikkje var tilstrekkeleg og adekvat årsakssamanheng. I Høgsterett var det tre problemkompleks. Først om det var trafikkulukka som hadde utløyyst den psykiske lidinga som gjorde at han vart lam. Dernest om trafikkulukka i så fall var så vidt vesentleg årsak at det var naturleg å knyta ansvar til den. Og endeleg, i så fall, om skadefylgja låg innanfor det påknelege eller adekvate. Skadelidne fekk altså medhald. Andre spørsmål var ikkje omtvista. Bl.a. var partane samde om at skadelidne var 65 % medisinsk og 100 % ervervsmessig ufør, og dei var samde om utmålinga, under den føresetnad at det var god nok årsakssamanheng.

1.2 I den andre dommen, Rt. 2001 s. 337 var det ein 29-årig mann som i november 1990 vart skadd som sjåfør då han under nedbremsing ved innsnevra veg vart påkjørt bakfrå. Fartsgrensa der var nedsett til 50 km/t, og han hadde redusert farten i samsvar med det. Men bilen bak reagerte for seint, og kollisjonen var så pass kraftig at begge bilane måtte kondemnerast. Han brukte bilbelte og hadde nakkestøtte. Dagen etter kjende han seg møyrbanka og gjekk til lege. Han vart sjukemeld i ei veke. Etter ei veker tid frå ulukka var han delvis lam på høgre side. Han vart innlagt på sjukehus der konklusjonen var at organiske forhold var normale, og at hans laming kanskje hadde psykisk grunnlag. Høgre bein fungerte igjen, men armen var stadig lam. Etter ulukka var han sjukmeld eit år, og i oktober 1993 fekk han full uføretrygd med verknad frå oktober 1991.

Han kravde skadebot av trafikktrygdaren til bilen som kjørte på. Trafikktrygdaren vedgjekk ansvar, og utbetalte à konto kr 250.000. Skadelidne reiste sak med krav om ytterlegare skadebot. Byretten fann at det var årsakssamanheng mellom påkjørsla og laminga, men at han ville vore 50 % ufør også om ulukka ikkje hadde skjedd. I lagmannsretten vart trafikktrygdaren frifunnen; retten tok ikkje standpunkt til spørsmå-

let om årsakssamanheng, men bygde på at skadefylgjene låg utanfor det påreklelege. I anken til Høgsterett hadde trafikktrygdaren ikkje innvendingar mot at ulukka var ein utløysande faktor fram til laminga, men meinte at ulukka ikkje var vesentleg nok som årsak, iallfall var ikkje skadefylgja pårekleleg. Dessutan var det usemje om skadeomfanget. Høgsterett tok utgangspunkt i at det var faktisk årsakssamanheng, men tok ikkje standpunkt til om påkjørsla var vesentleg nok som årsak eller om skadefylgja var upårekleleg eller inadekvat. Retten frifann fordi omfanget av skadelidnes tap ikkje var større enn kr 250.000 som trafikktrygdaren hadde utbetalt à konto.

1.3 Begge dommane går inn blant fleire andre dommar frå nyare tid om nakkeslengskade. Nilsen-dommen er prinsipielt sett den viktigaste av dei to. Trafikktrygdaren aksepterte som nemnt at psykisk betinga skade har skadebotrettsleg vern, men meinte det i dette tilfellet ikkje var tilstrekkeleg og adekvat årsakssamanheng. Det prinsipielle i dommen ligg såleis i bruken av årsaksreglane i eit slikt tilfelle. Også den andre dommen har prinsipiell interesse, særleg i høve til det hypotetiske skadeomfanget.

Problemstillinga i denne artikkelen fokuserer først på tilhøvet mellom den faktiske/historiske årsakssamanhengen og det hypotetiske spørsmålet om skadelidne ville vore ufør også utan skaden. Dette blir drøft nærmare i punkt 2.

Dessutan fokuserer artikkelen på spørsmålet om trafikkulukka var så vidt vesentleg som årsaksfaktor at det var naturleg å knyta ansvar til den, og på spørsmålet om skadefylgja var så upårekleleg eller fjern at den fall utanfor ansvaret. Dette blir drøft nærmare i punkt 3.

## 2 TILHØVET MELLOM FAKTISK/HISTORISK ÅRSAKSSAMANHENG OG HYPOTETISK UFØREOMFANG UTAN ULUKKA

2.1 Dei to nye dommane kjem begge inn på tilhøvet mellom den faktiske/historiske årsakssamanhengen og det hypotetiske spørsmålet om skadelidne ville vore ufør utan skaden. Det er viktig å skilja mellom desse to dimensjonane, dei reiser kvar sine spørsmål. Difor skal me sjå litt på reglane for dette.<sup>1)</sup>

Svaret på det første spørsmålet, om det er faktisk/historisk årsakssamanheng mellom ulukka og skaden, er anten ja eller nei, anten er det faktisk årsakssamanheng eller så er det det ikkje. Svaret nei betyr at eit generelt *vilkår for ansvar*, kravet om faktisk årsakssamanheng, ikkje er innfridd, slik at den påstått ansvarlege må frifinnast.

Svaret på det andre spørsmålet går derimot på *omfanget* av skadelidnes uførhet. Dette svaret går ikkje på ja/nei, men på *kor mykje* ufør skadelidne eventuelt ville ha

<sup>1)</sup> Desse reglane er elles nærmare gjennomgått bl.a. i artikkelen i LoR 2000 s. 520–525 og s. 531 flg. med tilvisingar.

vore dersom trafikkulukka ikkje hadde skjedd. Poenget med dette hypotetiske spørsmålet er at den eventuelle uførhet skadelidne ville hatt utan ulukka, ikkje ville vore gjenstand for skadebot og ville dermed ha falle utanfor det påståtte ansvaret. På denne måten kan det eventuelt skje ei negativ avgrensing av skadeomfanget, at ansvaret iallfall ikkje gjeld denne eventuelle delen. Og dersom skadelidne ville ha vore ufør i like stort omfang utan ulukka som han er med ulukka, ville differansen, dvs. den rettsleg relevante skaden, *gå i null*. I så fall må den påstått ansvarlege frifinnast på dette punktet fordi eit *anna* av dei generelle vilkåra for ansvar ikkje er innfridd, nemleg det vilkår at den påstått skadelidne må vera påført skade/tap.

Dessutan er bevisreglane for desse to tema ikkje like.

For den *faktiske/historiske* årsakssammenheng går bevistemaet på det som verkeleg har skjedd, nemleg om ulukka var årsak til skaden. Beviskravet er sannsynlighetsovervekt. Tvilrisikoen er det som hovudregel skadelidne som har. I Dispril-dommen i Rt. 2000 s. 915 formulerer førstvoterande bevistemaet samla sett bra ved samverkande årsaker:

«I vår sak er det ikke anført at Dispril alene er årsak til A's skader. Spørsmålet er om Dispril har vært én av flere samvirkende skadeårsaker. Dette må avgjøres ut fra det samlede bevismaterialet i saken. For at Dispril skal anses som en samvirkende skadeårsak, må det fremstå som mer sannsynlig at legemiddelet har vært en medvirkende årsak til skaden, enn at det ikke har vært det» (s. 920).<sup>2)</sup>

For den *hypotetiske* vurderinga av eventuell uførhet utan skaden er det derimot skadevaldaren som har tvilrisikoen. Temaet er bra formulert i skalledommen i Rt. 1997 s. 883. Her hadde skadevaldaren påstått fleire tilhøve som ville ført til lågt helse- og inntektsnivå også utan skaden, nemleg sjukdomar i barneåra, lågt stoffskifte, og tidlegare sjukemeldingar på grunn av isjasplager, dessutan at det kunne koma seinverkningar etter eit tidlegare biluhell som kan ha ført til nakkeslengskade. Men førstvoterande seier nei, dette er for svakt dokumentert:

«Skal slike forhold – som vel mange mennesker sliter med – få erstatningsmessige konsekvenser, må det i det minste foreligge en overvekt av sannsynlighet for at de skal utvikle seg i en klar negativ retning. Det finner jeg ikke et tilfelle her. At skadelidte har bevisbyrden for at erstatningsvilkårene foreligger kan ikke gjelde en slik anførsel» (s. 887).

Vurderings- eller bevistemaet er altså her av hypotetisk art. Dette temaet gjeld for det første hypotesen fram til domstidspunktet, som grunnlag for utmåling av lidd tap.

<sup>2)</sup> Eg går ikkje her nærmare inn på denne bevisproblematikken, men viser til bl.a. artikkelen i LoR 2000 s. 515 på s. 520–522 med tilvisingar. Jfr. også nedanfor i 2.3.

Men det gjeld også for stipulering av framtidig hypotetisk utvikling, det var dette som var tilfelle i skalledommen.<sup>3)</sup>

Innhaldet i temaet må vera, som formulert av førstvoterande i skalledommen, om skadelidnes eigenskapar utan skaden «skal utvikle seg i en klar negativ retning». At dette er innhaldet i temaet, er gjentatt og presisert bl.a. i Stokke-dommen i Rt. 1999 s. 1473 på s. 1479 og 1486. At utviklinga må gå i klår negativ retning, må bety klårt negativt samanlikna med det *normale*. Normalt ville helsetilstanden stort sett blitt som før ulukka.

Beviskravet er også her sannsynlighetsovervekt. Dette er presisert også i Nilsen-dommen: «Men heller ikke i denne relasjonen kan det stilles kvalifiserte beviskrav. Det er tilstrekkelig at det foreligger sannsynlighetsovervekt» (s. 330). Men det er viktig å understreka at overvektsspørsmålet går på om det er overvekt av sannsynlighet for at utviklinga ville gått i klårt negativ retning i høve til det som ville vore normalt.

I Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320 refererer førstvoterande kort desse reglane om hypotetisk omfang, og viser (bl.a.) til skalledommen og Stokke-dommen.<sup>4)</sup> Men dette temaet om hypotetisk omfang kunne ikkje koma på spissen i Nilsen-saka sidan partane som nemnt var samde om skadeomfanget, nærmare i punkt 2.3.

Derimot i den andre dommen, Rt. 2001 s. 337, var det desse reglane som representerte frifinningsgrunnlaget, nærmare i 2.2.1.

2.2 *Det hypotetiske spørsmålet* om skadeomfang er altså uavhengig av ulukka. Det betyr at ein kan ta det som eit eige spørsmål, anten *etter* at ansvaret er avklårt, eller *før*. Etter mitt syn kan det vera naturleg å ta det først, slik at ein veit meir om kva for skadeomfang det er spørsmål om ansvar for. Dette går nemleg på skadeomgrepet, dvs. ein del av spørsmålet om kva som er gjenstand for skadebot.

Jfr. bl.a. Omland-dommen i Rt. 1937 s. 568 der førstvoterande presiserer at skadelidnes «sykelige tilstand ikke [kan] få betydning for erstatningsplikten ut over det omfang hvori man må anta at den, hvis ulykken ikke var inntruffet, allikevel vilde ha kommet til å nedsette hans erhvervsevne» (s. 570).

<sup>3)</sup> I Omland-dommen i Rt. 1937 s. 568 kom retten til at dersom påkjørsla ikkje hadde skjedd, ville skadelidne ha vore fullt arbeidsfør fram til domstidspunktet, men at hans generelt svake helse på grunn av ein sjukdom av eldre dato, ein spondylosis deformans, ville ha ført til ein viss reduksjon i framtidig arbeidsevne (s. 568 og s. 571).

<sup>4)</sup> Førstvoterande viser på dette punktet (s. 329) også til kvigedommen i Rt. 1984 s. 466, spaniahusdommen i Rt. 1996 s. 1718 og SR-bank-dommen i Rt. 1998 s. 186. Men desse dommene gjaldt eit anna spørsmål ved vurdering av skyldansvar, nemleg spørsmålet om den alternative forsvarlege handling ville ha hindra den faktiske skadeutviklinga, jfr. artikkelen i LoR 2000 s. 527–530.

Den ansvarsrelevante skaden er altså det som går «*ut over*» det eventuelle skadeomfang som uansett ville vore. Det er altså her ei tilsvarande differanseproblemstilling som i tilfelle der hans arbeidsevne var redusert *før* ulukka.

2.2.1 Det er denne differansetankegangen som ligg til grunn for frifinninga i dommen i Rt. 2001 s. 337. Frifinninga var grunnlagt med at skadelidnes tap ikkje var større enn dei kr 250.000 han hadde fått utbetalt à konto. Dermed var det unødvendig å ta standpunkt til spørsmålet om faktisk årsakssamanheng og eventuell avgrensing i den faktiske årsakssamanheng. Førstvoterande seier (s. 346):

«Jeg ser det for det første slik at trekk ved A's psykiske og fysiske helse og hans personlighet kommer inn med stor tyngde som en selvstendig virkende årsak til hans nedsatte ervervsevne. Jeg viser til det jeg har redegjort for om hans helsetilstand forut for ulykken, og i forbindelse med det hans lite stabile tilknytning til arbeidslivet, blant annet preget av langvarige sykemeldinger begrunnet i ryggplager eller depresjon. Jeg peker her på at heller ikke tilknytningen til Sogn yrkesskole den siste tiden før ulykken gjaldt arbeid i full stilling, men vikararbeid, med en inntekt på ikke mer enn ca. 90000 kroner i 1990 frem til 1. november. Jeg peker for det andre på at opplysningene i saken om A's situasjon i dag og om prognosen gir et klart inntrykk av at han i dag har en restarbeidsevne, og at han i fremtiden kan få det i større grad. Jeg viser til det jeg har referert tidligere om de sakkyndiges og A's egen vurdering av situasjonen i dag og fremover. – Jeg ser det ikke som nødvendig å forsøke å kvantifisere betydningen av disse momentene, fordi jeg mener at det tapet A kunne kreve erstattet, uansett ikke ligger høyere enn de 250000 kroner som Storebrand har utbetalt etter ansvarsforsikringen.»

Her blir altså differansevurderinga bygt på tre element. Det eine er den hypotetiske uføregraden utan ulukka, slik den ville ha utvikla seg på grunn av helsesituasjonen forut for ulukka. Det er denne som har størst interesse i vår samanheng. Det andre går på restarbeidsevna. Rett nok er dette restarbeidsevna nå når ulukka er skjedd, men hans arbeidsevne ville ha vore minst like stor utan ulukka. Spørsmålet om han har lidd skade på grunn av ulukka, går altså på skade ut over desse to element. Og det er altså denne (meir)skaden retten meiner ikkje er større enn det som alt er dekkja av det tredje element, den utbetalte summen.

2.2.2 Spørsmålet kor mykje *ufør* skadelidne eventuelt ville vore dersom ulukka ikkje hadde skjedd, er ei *juridisk* relevant problemstilling ved fastlegging av skadeomfang. Ei slik problemstilling er det visstnok sjeldan bruk for innan *medisinske* eller andre fag. Medisinsk sakkunnige kan difor ha vanskar med å kjenna seg heime i denne problemstillinga. Uansett er spørsmålet vanskeleg, også for medisinsk sakkunnige. I Stokke-dommen i Rt. 1999 s. 1473 på s. 1484–1485 refererer førstvoterande at den eine av dei sakkunnige fann det «særdeles problematisk» å svara på spørsmålet, og han

kunne iallfall ikkje gi uttrykk for ei uføregrad. Når det gjaldt den andre sakkunnige i same saka, var det tvil om han hadde svart på spørsmålet som var stilt i mandatet for den skriftlege fråsegna på dette punktet. Men han hadde gitt sine svar munnleg i retten. Og så legg førstvoterande til: «At han skal ha misforstått den relevante problemstilling, er det ikke grunnlag for å anta» (s. 1485). I passiv røyk-dommen i Rt. 2000 s. 1614 på s. 1619 og s. 1624 understrekar dei sakkunnige at «Dette blir et rent hypotetisk spørsmål». Her legg eg til at det er jo nettopp det det er. I Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320 seier den eine av dei rettsoppnemnde sakkunnige, nevrolog Nakken: «Hvorvidt A ville fungert som før hvis uhellet ikke hadde inntruffet, er også umulig å svare sikkert på. Kanskje ville et annet traume, fysisk eller psykisk, ha induisert en lignende utvikling?» (s. 332). Eg legg til at dersom ein stiller det hypotetiske spørsmålet på denne måten, kan det opna for mange spekulasjonar. Kanskje ville han blitt påført «et annet traume» ved å bli påkjørt dagen etter av ein annan bil, osv. For å unngå spekulasjon, og for å få hypotesen ned på jorda, er det viktig å knyta vurderinga til skadelidnes eigenskapar slik dei var *før* ulukka. Førstvoterande i Rt. 2001 s. 337 formulerer problemstillinga bra når det gjeld personskade: Spørsmålet er om «trekk ved A's psykiske og fysiske helse og hans personlighet» ville ha gjort han ufør også utan ulukka, og i så fall i kor stor grad (s. 346).<sup>5)</sup>

2.3 I Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320 gjaldt tvisten som nemnt årsakssamanhengen. Skadeomfanget var akseptert, under den føresetnad at det var adekvat årsakssamanheng. Førstvoterande presiserer problemstillinga innleiingsvis slik:

«Partene er enige om at han i dag er 65 prosent medisinsk invalid og 100 prosent ervervsmessig ufør.<sup>6)</sup> Spørsmålet i saken er om A's invaliditet er forårsaket av ulykken, og – i tilfelle – om årsakssammenhengen er adekvat eller påregnelig, som ofte blir brukt som uttrykk for det samme, slik at han har krav på erstatning etter trafikksforsikringen» (s. 320).

Trafikktrygdaren argumenterte for at ulukka ikkje hadde utløyyst sjukdomstilstanden. Førstvoterande refererer ein del av trafikktrygdarens argumentasjon, bl.a. dette: «Selv om ulykken ikke hadde inntrådt, ville A mest sannsynlig ha hatt de samme problemene» (s. 326). Denne hypotetiske problemstillinga blir altså her brukt om den faktiske/historiske årsakssamanhengen, for så vidt i samsvar med betingelseslæra, som

<sup>5)</sup> Merk vidare at uføregraden utan ulukka ville kunne gitt rett til uførepensjon etter folketrygda, til dømes etter det allmenne kravet om minst 50 % uførhet. I utmålingssamanheng må dette løysast tilsvarande som ved uførhet forut for ulukka.

<sup>6)</sup> Det går fram av saksopplysningane at partane var samde om at dette var uføresituasjonen før han vart ytterlegare skadd ved bilpåkjørsele 1997 (s. 326). Denne uføresituasjonen vart lagt til grunn som uomtvista for Høgsterett i høve til årsaksspørsmålet for ulukka 1990 (s. 329).

eg for min del ikkje er tilhengjar av. Det er verken treffande eller naturleg å bruka ei hypotetisk formulering på kravet til ein årsakssamanheng som er av faktisk/historisk art.<sup>7)</sup> Den hypotetiske problematikken etter betingelseslæra tek sikte på å finna svaret ja eller nei på om det faktisk og verkeleg var ulukka som utløyste den aktuelle skadetilstanden. Og som nemnt har skadelidne som hovudregel tvilsrisikoen her.

Ein hypotese brukt på avklåring av den faktisk/historiske årsakssamanhengen, er altså noko *anna* enn det hypotetiske problemet om skade- eller uføreomfang. Omfangsspørsmålet utan ulukka, når det er aktuelt, må nødvendigvis stillast hypotetisk, det er eit spørsmål av hypotetisk art. Og her er det skadevaldaren som har tvilsrisikoen.

Når det gjaldt spørsmålet om faktisk årsakssamanheng mellom ulukka og skadelidnes uførhet i Nilsen-saka, hadde tre rettsoppnemnde og seks andre sakkunnige vurdert årsaksforholdet. Førstvoterande byggjer sine vurderingar først og fremst på dei vurderingane som var gjort av dei rettsoppnemnde.<sup>8)</sup> Ingen av dei tre rettsoppnemnde, overlege nevrolog Nakken, professorar i psykiatri Malt og Retterstøl, og heller ikkje professor Noreik, hadde funne nevrologisk eller annan form for varig organisk skade. Skadelidnes uførhet hadde dermed ikkje organisk forklaring. Den måtte fullt ut reknast for ei psykisk lidning.

Men at det var ei psykisk lidning, var ikkje til hinder for at den kunne vera utløyst av trafikkulukka.

Dei spørsmål desse sakkunnige hadde fått til vurdering på dette punktet, var både det faktiske om ulukka hadde utløyst sjukdomstilstanden og det hypotetiske om sjukdomstilstanden ville ha vore tilsvarande som nå dersom ulukka ikkje hadde skjedd.

I det *faktiske* spørsmålet meinte alle dei fire sakkunnige at ulukka hadde utløyst sjukdomen. Førstvoterande refererer dette samla slik:

«Det at A's invaliditet er psykisk betinget, er imidlertid ikke til hinder for at den kan være forårsaket av trafikulykken. Som A har fremholdt, er det en klar tidsmessig sammenheng mellom trafikulykken og frembruddet av sykdomssymptomene, og både de rettsoppnevnte sakkundige og professor Noreik har konkludert med at selv om A's sykdom er psykisk betinget, må den antas å være blitt utløst av trafikulykken» (s. 331).

<sup>7)</sup> Jfr. om bevisproblemstillinga, bl.a. artikkelen i LoR 2000 s. 515 på s. 520–521 med tilvisingar.

<sup>8)</sup> At retten bør konsentrera seg om vurderingar gjort av rettsoppnemnde sakkunnige, er framheva i fleire nyare dommar, jfr. Lie-dommen i Rt. 1998 s. 1565 på s. 1571, Stokke-dommen i Rt. 1999 s. 1473 på s. 1479, Kåsa-dommen i Rt. 2000 s. 441 på s. 448, Thelle-dommen i Rt. 2000 s. 418 på s. 428.



Når det gjeld det *hypotetiske* spørsmålet, om skadelidne utan ulukka ville ha utvikla ein tilsvarende sjukdomstilstand, har dei sakkunnige dels ulike svar. Førstvoterande held fram i refereringa:

«Derimot har de gitt uttrykk for forskjellige oppfatninger om hvorvidt A uavhengig av ulykken ville ha utviklet en tilsvarende sykdomstilstand» (s. 331).

Så refererer førstvoterande dei sakkunnige vurderingane meir utførlig:

«Professor Retterstøl har i sin erklæring fremholdt at den lidelse A har, har en «multifaktoriell genese» og er betinget av «sårbarhetsproblemer i hans personlighet», men at trafikkuulykken har vært «den utløsende faktor» for lidelsen, og at det er «sannsynlig at skadelidte ville fungert som før dersom man tenker seg trafikkskaden borte». – Professor Noreik har uttalt seg på lignende måte. Han mener at trafikkuulykken må anses som en «nødvendig og vesentlig årsaksfaktor i utviklingen av As lidelse», og etter hans oppfatning er det ikke grunnlag for å hevde at sykdomsutviklingen ville ha kommet uavhengig av ulykken. – Overlege Nakken har ikke funnet tilstrekkelig grunnlag for å si noe om hva som ville ha skjedd dersom ulykken ikke hadde inntrådt, men også han legger til grunn at trafikkuulykken har spilt en rolle som utløsende faktor ... – Professor Malt er enig med de øvrige sakkyndige i at trafikkuulykken må anses som utløsende faktor, men etter hans oppfatning er det overvekt av sannsynlighet for at A uavhengig av ulykken ville ha utviklet en «betydelig funksjonssvikt» på et senere tidspunkt» (s. 331–332).

Førstvoterande konkluderer så:

«På bakgrunn av de sakkyndiges vurderinger må det legges til grunn at selv om As lidelse må anses som en psykiatrisk lidelse, er den blitt utløst av trafikkuulykken, og etter min oppfatning foreligger det ikke tilstrekkelige holdepunkter for at A uavhengig av ulykken ville ha utviklet en tilsvarende sykdomstilstand ... Det må etter dette legges til grunn at trafikkuulykken må anses som en nødvendig betingelse for As invaliditet» (s. 332–333).

Når ein ser på problemstillingane her, er eg ikkje sikker på om førstvoterande og dei sakkunnige bygde på same problemstilling. Førstvoterande stiller altså først spørsmålet om trafikkuulukka utløyste sjukdomstilstanden, og så svarar dei sakkunnige ja på dette, og det sluttar førstvoterande seg til. Så brukar førstvoterande det hypotetiske spørsmålet om uførhet utan ulukka som eit slags supplement til dette, for på ein måte å stadfesta faktisk årsakssamanheng. Og begge deler brukar han så som grunnlag for å slå fast at trafikkuulukka var ein «nødvendig betingelse» for sjukdomstilstanden. Han brukar altså både den faktiske og den hypotetiske problemstillinga på *eitt og same tema*, nemleg temaet for den faktiske/historiske årsakssamanheng. At den hypotetiske problemstillinga blir brukt for den faktiske/historiske årsakssamanheng, er for så vidt i samsvar med betingelseslæra, jfr. ovanfor.

Men dei sakkunnige synest å ha oppfatta det som *to ulike tema*. Og det er etter mitt syn ikkje unaturleg. Når førstvoterande refererer at alle dei fire sakkunnige konclu-

derer med at her «må den [sjukdommen] antas å være blitt utløst av trafikkulykken», oppfattar eg dette slik at dei sakkunnige svarar ja på spørsmålet om vilkåret faktisk/historisk årsakssamanheng er innfridd (før ein går over på vesentleg-spørsmålet, jfr. nedanfor i punkt 3.1). Men når dei sakkunnige derimot samtidig har ulike meiningar om «A uavhengig av ulykken ville ha utviklet en tilsvarende sykdomstilstand», kan dei ha oppfatta det som eit spørsmål om hypotese for *omfanget*. Eventuelt i den form at skadelidne ville ha utvikla ein tilsvarende sjukdom også om trafikkulukka ikkje hadde skjedd, slik at skadeomfanget kom i null, for så vidt tilsvarende som i den andre dommen, Rt. 2001 s. 337 at omfanget ut over det han hadde fått utbetalt à konto var null, jfr. 2.2.1. Men ei slik omfangsvurdering måtte vera til fānyttes i Nilsen-saka, sidan omfanget ikkje var omtvista.

Iallfall både overlege Nakken og professor Malt må ha oppfatta det som to tema. Overlege Nakken svarte på det første temaet, at det er det «umulig å svare sikkert på. Slik jeg ser det, kan trafikkuhellet ha<sup>9)</sup> spilt en rolle som utløsende faktor». Men han avsto frå å svara på det hypotetiske spørsmålet, jfr. 2.2. Det overlet han til sine psykiaterkollegaer. Når det gjeld professor Malts vurdering, refererer førstvoterande som ovanfor sitert «at trafikkulykken må anses som utløsende faktor», og at «A uavhengig av ulykken ville ha utviklet en «betydelig funksjonssvikt» på et senere tidspunkt».

At dei sakkunnige kan ha oppfatta det som to ulike tema, er interessant prinsipielt sett. Det er viktig at dei sakkunnige blir stilt dei juridiske spørsmåla på ein måte dei forstår. Spørsmålet om ulukka har utløyst sjukdomstilstanden, er eit sjølvstendig spørsmål om faktisk/historisk årsakssamanheng. Etter mitt syn var det unødvendig i denne saka i tillegg å arbeida med den hypotetiske problemstillinga. Det verkar kompliserande. Det ville vore meir naturleg å bruka tilsvarende formulering som bl.a. i Dispril-dommen: Er det var meir sannsynleg at påkjørsla i samverknad med psykiske eigenskapar hjå skadelidne førte til tilstanden i dag, enn at den ikkje gjorde det? Og vil ein gå djupare inn i problemstillinga blir det spørsmål om traumet i samverknad med psykiske eigenskapar hjå skadelidne hadde årsaksevne til å føra til ein slik sjukdomstilstand, og i så fall om det er overvekt av sannsynlighet for at denne årsaksevna realiserte seg i dette tilfellet.<sup>10)</sup>

2.4 Den hypotetiske utviklinga vil i dei aller fleste tilfelle liggja innanfor det *normale*, at skadelidne stort sett ville hatt same helsetilstand som før skaden om ulukka ikkje hadde skjedd, jfr. 2.1. Berre unntaksvis vil det vera grunn å spørja om utviklinga ville

<sup>9)</sup> Førstvoterande legg til grunn at overlege Nakken meiner at «trafikkulykken har spilt en rolle som utløsende faktor».

<sup>10)</sup> Nærmare bl.a. i artikkelen i LoR 2000 s. 515 på s. 521 med tilvisingar.

ha gått «i en klar negativ retning». Til dømes kunne det vel vore gjort i nakkeslengtilfella i Rossnes-dommen i Rt. 1997 s. 1<sup>11)</sup> og i Thelle-dommen i Rt. 2000 s. 418.<sup>12)</sup> I begge sakene kom retten til at skadetilstanden på domstidspunktet var upårekneleg, slik at trafikktrygdaren måtte frifinnast. Men ingen av desse to dommane er etter mitt syn overtydande. Truleg ville problemstillingane i begge sakene blitt klårare bl.a. dersom ein først hadde vurdert det hypotetiske temaet, om eventuell uføregrad *utan* ulukka. I så fall måtte denne eventuelle delen av sjukdomstilstanden haldast utanfor ansvarsspørsmålet.

I den hypotetiske omfangsvurderinga er ulukka tenkt borte, slik at det verken ville vore aktuelt med «tua som veltet lasset» eller at «skadevolderen får ta skadelidte som han er». Her er det spørsmål om trekk ved skadelidnes psykiske eller fysiske helse og personlegdom – slik dei eksisterte *forut* for ulukka – ville ha ført til eventuell uførhet om ulukka ikkje hadde skjedd. Spørsmålet er om desse eigenskapane må reknast «som en selvstendig virkende årsak til hans nedsatte ervervsevne» – for å låna ei formulering frå Rt. 2001 s. 337. Her er det som nemnt den påstått ansvarlege som har bevisbyrde eller tvilsrisiko, jfr. punkt 2.1.

I tilfelle det er grunnlag for ei slik nedsetjing av arbeidsevna, går ansvarsspørsmålet på den uførhet skadelidne faktisk har *ut over* dette.<sup>13)</sup> Spørsmålet er om påkjørsla er årsak til denne (meir)skaden. Det er altså denne (meir)skaden som er gjenstand for spørsmål om skadebot, tilsvarande som ved uførhet der det ikkje først er utskilt noko hypotetisk uførhet. Dette temaet kan i høve til årsak delast i tre: Spørsmål om ulukka reint faktisk er årsak til denne (meir)skaden, spørsmål om denne årsakssamanhengen er vesentleg nok, og i så fall eventuelt også om skadefylgja var pårekneleg nok eller adekvat. Og her kan det bli aktuelt både med «tua som veltet lasset» og å «ta skadelidte som han er». Å ta skadelidne som han er, har som føresetnad at det først er konstatert *at* det har skjedd ein *samverknad* mellom traumet ved påkjørsla og dei aktuelle eigenskapane ved skadelidnes fysiske og psykiske helse og personlegdom, fram til skaden. Og

<sup>11)</sup> Ved påkjørsle bakfrå fekk passasjeren, ei kvinne på 32 år, nakkeslengskade. Over tid utvikla det seg fleire plager som måtte reknast for psykosomatiske, då dei ikkje kunne forklarast ved hjerneskeade eller liknande organisk skade. Ho kravde skadebot av trafikktrygdaren til bilen som kjørte på, men tapte med dissens 3–2. Fleirtalet var i tvil om det var sannsynlighetsovervekt for faktisk årsakssamanheng mellom påkjørsla og helsestilstanden, og tok ikkje standpunkt. Uansett meinte fleirtalet at hennar psykosomatiske plager fall utanfor det påreknelege.

<sup>12)</sup> Ei kvinne på 24 år var førar i bil som vart påkjørt bakfrå. Bilane fekk berre små skadar. Etter påkjøringa fekk ho vondt i nakken og hovudet og var halvt sjukemeldt eit par veker. To månader etter påkjørsla vart tilstanden sterkt forverra, og etter kvart utvikla det seg varige helseplager hjå henne. Ho kravde skadebot av trafikktrygdaren, vann i byretten og lagmannsretten, men tapte i Høgsterett «fordi årsakssammenhengen mellom påkjørselen med den meget begrensede fysiske skade som den voldt, og A's varige helseplager, er for fjern og avledet».

<sup>13)</sup> Jfr. bl.a. formuleringa i Omland-dommen i Rt. 1937 s. 568, sitert i 2.2.

for at det skal bli aktuelt å tala om tua som velte lasset, må det påvisast at traumet har *utløyst* det skadeomfanget ansvarsspørsmålet gjeld. Så langt går dette altså på bevis for faktisk årsakssamanheng. Men når slik faktisk årsakssamanheng er på det reine, blir neste spørsmål korleis dette står i høve til vesentlegkravet og adekvanskravet. Når det gjeld tua som velte lasset, kan ulukka vanskeleg reknast som eit uvesentleg moment i hendingsgangen, nærmare i 3.1. Men når det gjeld å ta skadelidne som han er, kan skadelidnes eigenskapar unntaksvis vera så dominerande at skadefylgja – lasset – er slik at det ikkje er påreknleg eller adekvat, nærmare i 3.2, jfr. 3.1.

Tilhøvet mellom det hypotetiske tema og det faktiske tema kan skisserast slik: I det hypotetiske temaet er ikkje påkjørsla med, her er problemet om skadelidnes eigenskapar *av seg sjølv* eventuelt ville ført til at han vart ufør. Her kan ein eigenskap hjå skadelidne, til dømes at han er ekstra sårbar, gi grunnlag for utvikling av uførhet utan påkjørsla, til dømes til 40 %. I det faktiske temaet tek ein utgangspunkt i hans faktiske uførhet, til dømes at han er 100 % ufør. I så fall er det differansen på 60 % som dermed er gjenstand for spørsmålet om skadebot.

Den eigenskap hjå skadelidne det her er tale om, kan få ulik innverknad i dei to tema. For det første kan eigenskapen vera slik at den ikkje ville slått ut *av seg sjølv*, om ulukka ikkje hadde skjedd, men at traumet ved ulukka slår den ut. Eller skadelidnes eigenskap kan gjera seg gjeldande som årsaksfaktorar i begge tema. Til dømes at han forut for ulukka hadde ein sjukdom som *utan* ulukka etter kvart ville blitt verre og gjort han heilt eller delvis arbeidsufør, og at same sjukdomen i situasjonen *med* ulukka har samverka med traumet slik at skadefylgja fekk det omfang den gjorde. Her vil den hypotetiske vurderinga gå på om og i så fall kor langt denne eigenskapen *av seg sjølv* ville ført til uførhet, medan den faktiske vurderinga ville gå på om traumet samverka med skadelidnes eigenskap fram til (meir)skaden. Ein tredje variant er at eigenskapen ville gjera seg gjeldande berre i det første tema. Til dømes at skadelidne hadde eit fysisk mein forut for ulukka som ville ha eksponert seg sjølv utan ulukka, og gjort skadelidne arbeidsufør, men at same meinnet var slik at det ikkje kunne eller ikkje hadde samverka med traumet. I så fall ville skadelidnes eigenskap få betydning berre for det hypotetiske omfanget.

2.5 Tilhøvet mellom ulukke og sjukdom er ulikt regulert ved *ulukkeforsikring* og skadebot. Dette er to system som byggjer på kvar sine grunnlag, og dei må ikkje blandast saman.

For vanlege skadebotreglar er systemet at skadebotansvaret gjeld heile skaden, også om den aktuelle årsaksfaktoren berre har medverka til skaden. I Stokke-dommen i Rt. 1999 s. 1473 gir Høgsterett, med tilvising til p-pilledom II i Rt. 1992 s. 64, ein viss korreks til lagmannsretten på dette punktet.

Førstvoterande seier: «Lagmannsretten la «til grunn at A's uførhet og tapte ervervsevne skyldes flere selvstendige samvirkende årsaker, slik at ansvaret må deles». Med grunnlag i de medisinsk sakkyndiges konklusjoner konkluderte flertallet med en «likedeling av årsaker med 50% til ulykken og 50% til øvrige årsaksfaktorer». Lagmannsrettens bemerkninger tyder på at retten har foretatt en forholdsmessig oppdeling av erstatningsansvaret, noe som i tilfelle bygger på en uriktig forståelse av det rettslige årsaksbegrepet, jf. Rt. 1992 side 64» (s. 1478–1479).

Dette som her er sitert, er vist til i fleire seinare dommar: Dispril-dommen i Rt. 2000 s. 915, passiv røyk-dommen i Rt. 2000 s. 1614 og Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320. Og i desse dommane blir det samtidig gjerne presisert at dersom fleire er ansvarlege for same skade, er dei solidarisk ansvarlege.

Det som ved skadebot blir heile skaden, er altså i vår samanheng den skaden som går *ut over* den eventuelle uførhet som ville ha kome også om ulukka ikkje hadde skjedd.

Etter hovudregelen ved *ulukkeforsikring* derimot, er systemet annleis. Her er den vanlege regelen at det skal skje ei *pro rata-fordeling* mellom ulukka og skadelidnes helse mv. som *faktiske* årsaker til skaden slik den faktisk vart.

Eg siterer frå Gjensidiges ulukkeforsikringsvilkår frå november 2000 pkt. 6: «Når det kan antas at sykkelig tilstand/disposisjon eller mén, sammen med ulykkesskaden, har medvirket til forsikredes invaliditet, ervervsuførhet eller død, reduseres erstatningen i den grad den sykelige tilstanden/disposisjonen eller det tidlige mén har hatt betydning for invaliditeten, ervervsuførheten eller dødsfallet.»

Denne regelen for ulukkeforsikring gjeld altså tilfelle der ei ulukke etter polisen er skjedd, og utbetaling av forsikringa som utgangspunkt skal skje. Men her kan det altså måtte skje ei nedsetjing av forsikrarens ansvar etter den «betydning» den sjukelege tilstanden (mv.) hadde for det aktuelle skadeomfanget.

### 3 VAR TRAFIKKULUKKA UVESENTLEG ÅRSAK? VAR SKADEN FOR FJERN OG AVLEIDD?

3.1 Jamvel om det er overvekt av sannsynlighet for at trafikkulukka har utløyst den aktuelle skadetilstanden, i samverknad med eigenskapar hjå skadelidne, kan årsaks-samanhengen likevel vera for veik. I mange nyare dommar er det presisert at påstått årsak ikkje må vera uvesentleg, eller at den må vera så pass vesentleg at det er naturleg å knyta ansvar til den.<sup>14)</sup>

Førstvoterande i Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320 seier på dette punktet: «Neste

<sup>14)</sup> Jfr. p-pilledom II i Rt. 1992 s. 64, Lie-dommen i Rt. 1998 s. 1565, inneklimadommen i Rt. 2000 s. 620 og Dispril-dommen i Rt. 2000 s. 915.

spørsmål blir om trafikkuulykken utgjør et så pass vesentlig element i årsaksbildet at det er rimelig å knytte ansvar til den.» I vurderinga av dette opnar han med at det er

«forhold i A's personlighet som står mest sentralt i årsaksbildet. – Hovedregelen etter norsk erstatningsrett er at skadelidte må tas som han er, se for eksempel Rt. 1997 side 1 og Rt. 1999 side 1473. Det går imidlertid en grense for hvor langt dette synspunktet kan føres, se for eksempel Rt. 1998 side 1565. Som Høyesterett her fremholder, kan det tenkes tilfeller hvor trafikkuulykken bare må anses som en «liten tue som har veltet et stort lass» (s. 333).

Her er siste setning blitt noko misvisande. Dommen frå 1998 frifann trafikkktrygdaren, og som ei støtte til – eller som del av – grunngevinga for dette seier førstvoterande: «Vi står her *ikke* overfor et tilfelle av «liten tue som har veltet et stort lass» (s. 1582, min kursiv). Dette stemmer med at det er vanskeleg å sjå at ei lita tue som veltar eit stort lass skal kunne reknast som ein uvesentleg faktor i årsaksbiletet.

I Omland-dommen i Rt. 1937 s. 568 har førstvoterande ei bra formulering:

«Her som så ofte i den slags tilfelle har en forholdsvis liten tue vært tilstrekkelig til å velte et stort lass. Har Omland på grunn av sin sykdom vært mindre skikket enn andre til å stå for et slikt støt, gir loven som den har vært anvendt, ingen hjemmel til av den grunn å fritta skadevolderen for ansvar» (s. 571).

Men det er ingen automatikk i dette. Om ei tue som velte lasset vanskeleg kan vera uvesentleg som årsak, kan lasset likevel vera slik at det – evt. ein del av det – fell utanfor det pårekelege eller adekvate. På denne bakgrunnen er det viktig eventuelt først å ha gjort den hypotetiske vurderinga som nemnt i 2.4, å skilja ut den eventuelle uførhet som ville ha kome også om ulukka ikkje hadde skjedd, for å halda iallfall den delen utanfor lasset. Dvs. at ein får presisert kva lasset er.

I vesentleg-spørsmålet vurderte førstvoterande i Nilsen-dommen to ytre faktorar som kunne ha medverka til den psykisk betinga uførheta. Den eine var at drosjeeigareren etter ulukka – var det sagt – skulle ha reagert med å skjenna på skadelidne, men uansett om dette var så, kunne det ikkje ha noko å seia som årsak til tilstanden i dag. Den andre var at skadeutviklinga kunne blitt ei anna dersom rett diagnose hadde blitt stilt på eit tidlegare tidspunkt. Men dette var ikkje til hinder for at det kunne knytast ansvar til trafikkuulykka, underforstått truleg at denne eventuelle behandlingsfeilen kunne fungert som eit eige skadebotgrunnlag, slik at sjukehuset og trafikkktrygdaren kunne blitt solidarisk ansvarlege for skadefylgja. Førstvoterande konkluderer så i vesentlegspørsmålet:

«Selv om det er forhold i A's personlighet som står mest sentralt i årsaksbildet, og sykdomsutviklingen i noen grad kan være påvirket av at det ikke på et tidligere tidspunkt ble stilt riktig diagnose, spiller trafikkulykken etter min oppfatning en så vidt vesentlig rolle i årsaksbildet at det er rimelig å knytte ansvar til den» (s. 334).

Dette er etter mitt syn korrekt problemstilling og ei god normativ vurdering.

3.2 Til slutt spørsmålet om årsakssamanhengen var påreknelig nok eller adekvat. Førstvoterande i Nilsen-dommen seier her: «Det følger av kravet om at årsakssamanhengen må være adekvat, at det er et vilkår for at ansvar skal inntrø, at skadefølgen ikke må være for fjern og avledet, se for eksempel [Rossnes-dommen] Rt. 1997 side 1 og [Thelle-dommen] Rt. 2000 side 418» (s. 334).

Vanlegvis vil spørsmålet om årsak vera ferdig i og med at ein har konkludert i vesentlegsspørsmålet. Grunnen er i så fall at alle argument eller omsyn med sikte på avgrensing er oppbrukt under vesentlegsspørsmålet. Men i visse typetilfelle kan vesentlegsspørsmålet og adekvanssspørsmålet ha ulike fokuseringar, slik at begge er nødvendige, men at problemstillingane likevel dels kan gli over i kvarandre. Dette siste er sagt også i Rt. 2001 s. 337, på s. 342: «Jeg nevner at slik vår sak ligger an, kan drøftelsene av vesentlighet og adekvans gli noe over i hverandre.» Grunnen vil kunne vera at det også i påreknelig- eller adekvanssspørsmålet kjem inn spørsmål om den påstått ansvarlege årsaka er uvesentleg sett i høve til faktorar som i etterhand, uavhengig av ulukka kom inn og på dominerande vis medverka til skadefylgja.

Men i visse typetilfelle kan spørsmål om skaden var for avleidd eller fjern koma i tillegg til vesentleg-spørsmålet, slik som i Nilsen-dommen i Rt. 2001 s. 320. Her var desse to avgrensingsspørsmål meir ulike stoffmessig sett, idet vesentleg-spørsmålet gjekk på tilhøvet til faktorar i tilknytning til ulukkehendinga og sjukehusbehandlinda, medan spørsmålet om avgrensing mot fjern eller avleidd skadefylgje gjekk på andre forhold. Førstvoterande startar her med statistiske opplysningar om frekvens. Dette går på spørsmålet om skaden faktisk sett var upåreknelig. Han viser til SMM-rapport nr. 5/2000 «Nakkeslengskade. Diagnostikk og evaluering». Her går det fram at 3–5 prosent av alle som blir utsett for ein nakkeslengmekanisme utviklar symptom på akutt nakkeslengskade innan tre dagar. Av desse utviklar 10 % (dvs. 3–5 promille av alle) kroniske plager som påverkar funksjonsnivået i betydeleg grad. Dessutan viser han til opplysningar frå ein av dei rettsoppnemnde sakkunnige, professor Malt, som på grunnlag av eige materiale vurderer sjansen for ei slik utvikling som her, til mindre enn 1/1770. I tillegg viser han til konkrete vurderingar frå professor Retterstøl i retten, at når prosessen etter det psykiske traumet som ulukka var, først var komen i gang, kan utviklinda ikke reknast for uvanleg, jamvel om skaden i dette tilfellet har fått eit uvanleg stort omfang.

Så kjem førstvoterande med den avsluttande normative vurderinga:

«Etter bevisførselen for Høyesterett må det legges til grunn at det ikke er upåregnelig at en trafikkulykke kan utløse en psykisk lidelse, og selv om skadeforløp av den karakter vi her står overfor, er sjeldne, kan skaden etter min oppfatning ikke falle utenfor det som må anses som en adekvat følge av ulykken. De første sykdomssymptomene oppstod to dager etter ulykken, og etter dette skjedde det en gradvis forverring til venstre side ble lammet. Dette har skjedd uten at utviklingen kan ses å være påvirket av etterfølgende omstendigheter som ikke står i sammenheng med ulykken. Etter min oppfatning kan skadefølgen etter dette ikke anses for fjern og avledet» (s. 334).

Denne normative vurderinga er viktig. Og problemstillinga er god. For det første kan det vera interessant å merka seg at førstvoterande skifter terminologi undervegs, frå pårekeleg til adekvat. På grunnlag av statistisk frekvens og faktisk pårekelegvurdering frå sakkunnig hald, konkluderer førstvoterande med at det ikkje er upårekeleg at ei trafikkulukke kan utløysa psykisk lidning. Dette ligg altså på det faktiske og generelle planet, og ordet pårekeleg går jo i si grunntydning på det faktiske og erfaringsmessige. Men vårt spørsmål er om det er rettsleg grunnlag for avgrensing i årsakssamanhengen. Og her kan det faktum at skadefylgja ikkje er upårekeleg, vera ei viktig rettesnor. Men den normative avgrensingsvurderinga vil byggja på ei samla vurdering av fleire reelle omsyn, ikkje berre på det faktisk pårekelege. Og i denne samla vurderinga brukar førstvoterande ordet adekvat. Han kunne i staden ha brukt ordet pårekeleg, men i så fall ville ordet pårekeleg måtte få eit normativt innhald som lett kunne bli ulikt innhaldet i ordet slik det vart brukt like ovanfor. Ordvalet er i og for seg ikkje så viktig, poenget er at det til slutt blir ei samla normativ vurdering i spørsmålet om skadefylgja skulle avgrensast. Men i dette tilfelle var det nok ikkje så naturleg å bruka pårekeleg-omgrepet om det normative, sidan det innleiingsvis var brukt så tydeleg om det reint faktiske.

Vidare nemner førstvoterande at dei første symptom på nakkeslengskade kom etter to dagar, og at det deretter skjedde ei gradvis forverring. Dette står som bakgrunn for fylgjande viktige setning: «Dette har skjedd uten at utviklingen kan ses å være påvirket av etterfølgende omstendigheter som ikke står i sammenheng med ulykken.» Dette går på eit sentralt punkt i spørsmålet om avgrensing, nemleg om andre og ytre faktorar har blanda seg inn og styrt utviklinga slik den er blitt, og på denne måten står som dominerande årsaksfaktorar uavhengig av den påstått ansvarlege årsaka.<sup>15)</sup> Men slik var det altså ikkje her. Heile årsaka låg i trafikkulukka og dens samverknad med skadelidnes eigenskapar og utviklinga vidare. Dommen er eit viktig døme på at skadevaldaren får ta skadelidne som han er.

<sup>15)</sup> Nærmare bl.a. i artikkelen i LoR 2000 s. 515 på s. 540.